

# Frivillig arbeid – innspel frå arbeidsgruppa

## Dagens situasjon

Det er et stort mangfold enkelpersonar og organisasjonar som bidreg med frivillig arbeid inn mot helse- og omsorgstenestene i kommunen. Frivilligsentralane og frivilligkoordinatorane har den formelle kontakta med dei frivillige. Dei mottek henvendingar frå personar som ynskjer å delta i frivillig arbeid, og frå innbyggjarar som ynskjer hjelp frå frivillige. Mykje skjer også via direkte kontakt mellom helse og omsorgstenestene og frivillige enkelpersonar og organisasjonar.

### Frivilligsentralen

Volda kommune har 2 frivillegcentralar, ein i Volda sentrum og ein i Hornindal. Desse er noko ulikt organisert og derav også ulike målgrupper.

Frivilligsentralen i Volda har ein koordinerings- og samordningsfunksjon, i tillegg til å førebu saker som vedkjem frivillig sektor for politisk handsaming. Sentralen skal arbeide for mangfold og inkludering, og gjer dette mellom anna med sommaraktivitetar for barnefamiliar, utlånssentral for fritidsutstyr og «Den kulturelle spaserstokken» for eldre.

Hovudfokuset til sentralen er å legge til rette for frivillig arbeid for å utvikle eit levande lokalmiljø med gode levevilkår og auka livskvalitet for innbyggjarane.

Frivilligsentralen i Hornindal, i samarbeid med andre aktørar, byr på eit breitt spekter av førebyggjande og helsefremjande aktivitetar, både faste og sporadiske, for alle aldersgrupper. Dei har om lag 100 frivillige i sving i løpet av året. Nokre er faste medan andre bidreg på enkeltarrangement. Det er om lag 70 personar som har signert frivilligskjema der dei er bundne til faste aktivitetar. Desse utgjer om lag 2 årsverk. Dette er utanom både foreldre og pårørande, som også stiller opp. Døme på aktivitetar for eldre er seniortrim, seniortreff, boccia i Groparken, jentetrimmen, karatetreff, besøksven, aktivitetsven, blåturar for bebuarar på omsorgssenteret, utkøyring av mat og strøsand, «Noregs tøffaste rullatorløp» og «Den kulturelle spaserstokken». Sentralen koordinerer også bruken av ein bil for rørslehemma der frivillige stiller som sjåførar. Dei ovannemnde tilboda er døme som fungerar godt i eit samspel mellom frivillige enkelpersonar/organisasjonar og kommunen.

### Frivillegkoordinatorane

I sektor helse og omsorg har ein to frivilligkoordinatorar, som har sitt primærvirke inn mot institusjonsbebuarar. I tillegg har ein også folkehelsekoordinator som jobbar på systemnivå og skal vere bindeleddet mellom dei frivillige, lag, organisasjonar og kommunen.

Koordinatorane har samarbeidsavtale med Røde Kors og med Nasjonalforeningen for folkehelsen, og tilbyr desse ordningane; besøkshund, besøksvener og aktivitetsven for demente. Koordinatorane har samarbeid med 33 enkeltfrivillige.

## Innspel frå arbeidsgruppa

Døme på aktivitetar er konsertar, folkedansgruppe, musikk- og trim aktivitetar utført av frivillige, «aktivitetsven» frå Ørsta VGS, besøksbaby, besøk frå barnehagar

Hovudoppgåva til frivilligkoordinatorane er å rekruttere frivillige og gje dei opplæring.

Det er om lag 2200 timer i frivillig arbeid som blir organisert av frivilligkoordinatorane.

## Utfordningsbilete

Det er for dårleg kjennskap til det frivillige arbeidet i kommunen som organisasjon, men også blant innbyggjarane generelt.

Samarbeidsarena mellom frivillige og tenesteytarar må i større grad ha fokus. Det er ei utfordring i dag i hove manglande arenaer for dei frivillige der dei kan utveksle erfaringar, bygge relasjonar, kompetanse med meir. Det må vere ei likeverd mellom administrasjon, tilsette og dei frivillige. Det er viktig å bli sett og høyrta.

Det er avgjerande for kvaliteten på tilbodet at frivillige blir sett til oppgåver som dei meistrer. Det må satsast meir på informasjon og opplæring. Det bør truleg utarbeidast ein plan for frivilligkeit i Volda kommune for i større grad kunne ivareta dette.

Det er utfordringar knytt til digital oppdatering av aktivitetsplanar og kontaktinformasjon på heimesida til kommunen.

Det er behov for å arbeide med rekruttering frå alle aldrar, begge kjønn og innan alle interessefelt. Eit viktig spørsmål er korleis kommunen kan nå dei personane som har tid, lyst og høve til å bidra i frivillig arbeid.

## Utvikling i planperioda

Det demografiske utfordningsbiletet peikar i retning av at helse- og omsorgstenestene ikkje kan klare å stette dei aukande behova åleine som tenesteområde, men at ein må mobilisere samfunnet. Ein må fremje samskaping og ressursmobilisering. Dette betyr at ein må nytte frivilligheita på ein god og konstruktiv måte gjennom dialog og få til samskaping og derav sosial bærekraft.

Kommunen sine to frivilligsentralar må i større grad samordnast. Frivilligkoordinatorane må fortsette å koordinere det viktige arbeidet inn mot helse- og omsorgstenestene. Det bør vidare vere eit bindeledd mellom koordinatorane og frivilligsentralane slik at ein saman kan arbeide med informasjonsstrategi, rekrutteringsstrategi og koordinere opplæring av frivillige.

Det bør arbeidast med ein oppdatert og interaktiv aktivitetsoversikt som syner kva aktivitets- og fritidstilbod som finst i kommunen i både offentlig og privat regi for ulike aldersgrupper.